

Referat styremøte 9.juli 2016

Oppmøte: Kjell Rune, Paul, Sindre og Kari

1. Takkebrev til Vågsøy kommune

Det var einigkeit om at vi bør takke kommune og ordfører for den flotte asfalten som er lagt på Silda. Ettersom det er få andre kommunale vegar som har fått pengar til veg dette året, er vi er nervøse for at kommunen kan få problem med misfornøgde innbyggjarar i andre delar av kommunen viss vi takkar offentleg. Vi vart samde om at vi ville likevel sende eit takkebrev til kommunen og FJT, men vere forsiktige med korleis vi formulerer oss. Kåre Silden frå Øyglimt har alt takka i FJT. Vi må få fram at ettersom SFE likevel måtte ha ned anleggsmaskiner og reparere det dei har øydelagt, ville det vere lurt å ta det med ein gong. Vi må også poengtere at dette er eit spleislag mellom SFE, Silda velforeining, Silda grendahus og Øyglimt. Dei lokale foreiningane har botnskrapa sine kasser. Paul forfattar eit brev, som først bør sendast til ordførar i Vågsøy kommune og Odd Henning Svoren i teknisk etat for korrekturlesing.

2. Asfaltfest

Det bør arrangerast ein slik fest på hausten ein gong dei ein inviterer Veidekke og SFE. Kan haustferien vere eit alternativ?

3. Grillfest i veke 29 eller 30. Ein slik fest bør ligge på ein vekedag slik at vi ikkje øydelegg for Skjærbuda dei helgene dei har ope. Kan 20 eller 27. juli kl. 17.00 vere eit alternativ? Ein er veiravvhengig, så ein bør ta det på kort varsel. Alle tek med det dei sjølv vil ete og drikke. Grillane står klart, kol og tennveske og gevinstar til loddsal kjøper Kjell Rune.

Graset må klippast først.

Kari legg det ut på Velforeiningssida på Facebook.

4. Skjærbuda er open 15 – 17 juli i fyrste omgang.

5. Skaterampe er på plass. Der har vore folk, men ein høyrer lite bråk.

6. Dugnad vert også arrangert på kort varsel sidan ein er litt avhengig av godt ver. Kari informerer via Facebook, elles vert det å spreie ordet. Det som skal gjerast i år er følgjande: Skilting – Paul skal gjere det ferdig.

Stien ned i Djupevågen blei vi ikkje ferdig med i fjar, så den må gjerast ferdig.

Årleg vedlikehald av turstien.

Jonshaugen må få ein ny sti/omlegging av stien, noko som inneber ein del arbeid.

Vi må sprøyte asfalkantane slik at gras ikkje veks inn i asfalten.

Referent

Kari Silden Sølvberg